



Opprustinga av skulen startar i år og fullførast neste år opplyste kommunalsjef Kjell Odd Nygård i kommunestyret denne veka. Det var Eskil Moen (Frp) som spurde om oppgraderinga. Nygård opplyste at det skal setjast inn ventilasjonsanlegg og varmt vatn i alle klasserom i år.

Neste år står fasaden og golvbelegget for tur. Dei ser ikkje bort frå at det kan bli dyrare enn dei 2,5 millionar som er ført opp i økonomiplanen. I så fall vil rådmannen gjera framlegg om auke.

Nygård uttrykte seg elles slik:

- Vi er nøydd til å gjera noko med bygget, men utfordringa er at ein ikkje veit kva framtid skulen har. Problemet er at det ligg føre eit vedtak om at skulen skal leggjast ned, avhengig av korleis ein tolkar vedtaket om skulestrukturen. Men det ligg uansett ganske mange år fram i tid